

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 23.02.2006 **Tid:** 17.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 20, inkl. 2 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Liv Berit Khadoor  
Olaug Øystese  
Sigmund Dyrhovden

**I staden møtte:**

Jan Ove Haga  
Hjørdis Tysse

**Andre som var tilstade på møtet:** Adm.sjef Ramsli, Ass.adm.sjef Våge

**Merknader:**

Magda Haugen var ugild ved handsaming av sakene 2 og 4. Varamedlem Vidar R. Rolland møtte i desse sakene. Magda Haugen fekk innvilga søknad om mellombels permisjon frå verva sine i sak 4. Vidar R. Rolland møtte som fast representant frå og med sak 5.

**AmalieTysse** vann tre prisar i ungdommens kulturmønstring. Pris for sang, som medlem i ei musikkband og for skiving av ein tekst. Ho opptredde for kommunestyret med ein sang.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 27.02.2006

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart godkjent

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Sture Tveit og Brigt Olav Gåsdal saman med ordførar.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Brigt Olav Gåsdal** viste til utsendt skriv frå Helse Bergen om evaluering av ambulansetenesta. Han var oppteken av at kommunen i tillegg til å svara Helse Bergen også må sjå nærare på tiltak som må gjerast for å kompensera for lang responstid. Det må vurderast om kommunen må engasjera seg med eigne kreftar i t.d. ein firstresponderbil.

Ordføraren meldte attende at me også vil arbeida med denne sida av saka.

**Sture Tveit** stilte spørsmål om status for bygdaboka. Ordføraren orienterte om arbeidet med ættesoga. Her er utval for oppvekst og omsorg styringsgruppe og forfattere melder planmessig attende til dei. Arbeidet er i gang i tråd med framdriftsplan.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Adm.sjefn orienterte om **Skriv frå Helse Bergen** vedr. rapport om evaluering av ambulansetenesta i kommunane Fusa og Samnanger. Dette skrivet var sendt ut saman med innkallinga. Administrasjonen vil gi ei første tilbakemelding med reaksjon på måten evalueringa er gjennomført. Kommunen vil vidare be om å få ut ein del av dokumentasjonen for evalueringa deira.

Ordførar orienterte om **tilsyn av Fylkesmannen på beredskapen** i kommunen. Rapporten var sendt ut med innkallinga.

Adm.sjefen orienterte om rekneskapsresultatet slik det ligg føre. Budsjettkontroll pr. februar 06 vart presentert samt ei orientering om folketalsutviklinga og verknaden for kommunen sine inntekter. Dette vart presentert for kommunestyret:

**Rekneskap 2005**

- Overskot
- I underkant av 1.1 million kroner

**Hovudtrekk**

- Positivt premieavvik pensjon – kr 775.000
- Auka inntekter frå konsesjonskraft – kr 900.000
- Meirforbruk på drifta

## BUDSJETTKONTROLL februar 2006

		rekneskap	budsjett	forbruk%
<b>1.10.</b>	<b>politisk styringssystem</b>			
	sum funksjon	102 020	1 083 000	9
<b>1.11.</b>	<b>sentraladministrasjonen</b>			
	sum funksjon	793 372	3 886 800	20
	sum driftsinntekter	3 254	42 700	7
	sum driftsutgifter	796 627	3 964 500	20
<b>1.12.</b>	<b>fellestenester</b>			
	sum funksjon	583 110	5 566 000	10
	sum driftsinntekter	55 327	391 000	14
	sum driftsutgifter	638 438	5 924 800	10
<b>1.13.</b>	<b>kyrkjelege føremål</b>	279 333	1 705 000	16
<b>1.14.</b>	<b>næring</b>	67 993	-2 278 000	
<b>1.15.</b>	<b>kultur</b>			
	sum funksjon	275133	1500600	18
	sum driftsinntekter	75590	333400	22
	sum driftsutgifter	350723	1834000	19
<b>1.16.</b>	<b>teknisk eining</b>			
	sum funksjon	296755	10715105	2
	sum driftsinntekter	1446335	7639400	19
	sum driftsutgifter	1743090	12210375	14
<b>1.20.</b>	<b>skule og barnehage felles</b>			
	sum funksjon	76358	2634000	2
	sum driftsinntekter	466776	2527120	18
	sum driftsutgifter	543135	5161120	10
<b>1.201.</b>	<b>Gjerde skuleeining</b>			
	sum funksjon	1692170	8474400	19
	sum driftsinntekter	23532	713000	3
	sum driftsutgifter	1715703	9187400	18
<b>1.202</b>	<b>Nordbygda skuleeining</b>			
	sum funksjon	809872	4523000	17
	sum driftsinntekter	16991	229600	7
	sum driftsutgifter	1715703	9187400	18
<b>1.203</b>	<b>Samnanger ungdomsskule</b>			
	sum funksjon	1532456	8584950	17
	sum driftsinntekter	37744	219300	17
	sum driftsutgifter	1570200	8804250	17
<b>1.204</b>	<b>Barnehageeininga</b>			
	sum funksjon	157018	938300	16
	sum driftsinntekter	768096	4048600	18
	sum driftsutgifter	925114	4986900	18
<b>1.30 + 1.32</b>	<b>Sosial- og helseeininga</b>			
	sum funksjon	1553502	10056400	15
	sum driftsinntekter	69611	1608500	4
	sum driftsutgifter	1623713	11602900	14
<b>1.31.</b>	<b>Pleie- og omsorgseininga</b>			
	sum funksjon	5091045	26511275	17
	sum driftsinntekter	162545	4791000	3
	sum driftsutgifter	5253590	31461775	16

## Merknader

- Førebels drift innanføre tildelte rammer med unntak av **Barnevernstiltak** som skal gå over i eit tiltak for funksjonshemma ungdom. Dette er ei stor utfordring både med tanke på sjølve tiltaket – bemanning, kvalitet, organisering og ikkje minst finansiering. Tiltaket krev store summar.

## Tal innbyggjarar i Samnanger kommune 01.01.2006



2341



## Få fødte, få døde, positiv flyttebalanse

Tal fødte	22
Tal døde	23
Innflyttingar	104
Utflyttingar	85

## Økonomisk konsekvens

- Stor sannsynlegheit for at Samnanger kommune får mindre i rammetilskot (+ skatt) enn budsjettert til tross for auka folketal.
- Dette skuldast at veksten har kome i grupper som gir dårleg uttelling i rammetilskotet og det er reduksjon i dei gruppene som gir uttelling. T.d. er tal personar over 67 år redusert med 10.

**Jon Magne Bøgevik** viste til at kommunane har fått førespurnad frå Helse Vest om kandidatar på medlemmer i styra for dei einsskilde helseføretaka. Bøgevik ba om tilslutning frå kommunestyret til at ordføren vert Samnanger kommune sin kandidat. Kommunestyret slutta seg til dette.

## GRUNNGJEVE SPØRSMÅL

**Bright Olav Gåsadal** har sendt inn fylgjande grunngjeve spørsmål:

Under handsaminga av budsjettet for 2006 hadde eg eit framlegg om å låna pengar til ei større opprusting av dei kommunale vegane (asfaltering og naudsynt førearbeid).

Administrasjonen opplyste då at me ikkje har høve til å lånefinansiera vegvedlikehald. Svaret vart akseptert av kommunestyret under føresetnad av at administrasjonen arbeider vidare med saka.

På tekst-TV 15. februar står følgjande melding:

”Oppland Fylkesting skal søke om 100 mill. i lån for å utbedre fylkesveiene fram til 2009.

Deler av pengene skal også gå til å bygge flere gang- og sykkelveier.”

Spørsmålet mitt er dette:

Kva er det fylkestinget i Oppland veit om lånefinansiering av vegvedlikehald som administrasjonen i kommunen ikkje veit?

Vil ordføraren undersøkje om det likevel er slik at me kan låna dei millionane som trengs til å fornya fast dekke på vegane til kommunen og fremja ny sak til kommunestyret om dette?

**Ordføraren** gav slikt svar på spørsmålet:

Med bakgrunn i spørsmålet ditt har ordføraren teke kontakt med Oppland fylkeskommune og fylkesmannen i Hordaland.

Oppland fylkeskommune presiserer at dei har *søkt om* og enno ikkje fått godkjent låneopptak til utbetring av vegar.

Dei seier vidare at dei har søkt om eit ordinært lån for å forskottera midlar til vegutbetringar. Utgifter til lånet( renter og avdrag) skal førast i drifta på kapittel for veg. Dei meiner at fylkesmannen ikkje har så strenge kriteria knytt til enkelte låneopptak for fylkeskommunar som for kommunar.

Økonomirådgevar hjå fylkesmannen i Hordaland bekreftar det svaret kommunestyret fekk frå administrasjonen i desembermøtet. Det er ikkje høve for kommunar å ta opp lån til vegvedlikehald. Hjå fylkesmannen meiner dei at det same og gjeld for fylkeskommunar, så dei stiller seg spørjande til om Oppland fylkeskommune får godkjent omsøkte låneopptak.

For eigen del vil ordføraren leggja til at eg er kjend med at det reisest ein debatt frå fleire hald no, om statlege styresmakter på noko sikt vil opna opp for liknande låneopptak til vegvedlikehald som den me har til rehabilitering av skulebygg. Dette med bakgrunn i den svært dårlege standarden på store delar av det kommunale og fylkeskommunale vegnettet rundt om i landet.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0001/06	05/00367 <b>BOMPENGESØKNAD "KVAMMAPAKKEN" OG KVAMSKOGSTUNNELEN</b>
0002/06	03/00410 <b>VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING</b>
0003/06	06/00075 <b>MODELLER FOR SAMARBEID PÅ SKULESEKTOREN</b>
0004/06	05/00302 <b>PERMISJON FRÅ KOMMUNALE VERV. MAGDA HAUGEN</b>
0005/06	05/00302 <b>PERMISJON FRÅ KOMMUNALE VERV - MARION LANGHELLE PEDERSEN.</b>

0001/06

## **BOMPENGESØKNAD "KVAMMAPAKKEN" OG KVAMSKOGSTUNNELEN**

### **Framlegg til vedtak::**

#### "Kvammapakken"

Etter førespurnad frå styret i Kvam bompengeselskap a.s. har Samnanger kommune handsama "Kvammapakken" på nytt slik den no ligg føre.

*Samnanger kommune rår framleis frå realisering av bompengoordninga i "Kvammapakken".*

#### Kvamskogtunnelen

Samnanger kommune har og drøfta invitasjonen om deltaking i arbeidet med å greia ut Kvamskogtunnelen. Det er vurdert om ein "i denne omgang skal gje prinsipiell tilslutning til å ta del i planarbeidet, samt at Samnanger kommune oppnemner representant(ar) til prosjektorganisasjonen som skal greia ut Kvamskogtunnelen". (Jf. skriv av 11.01-06).

Samnanger kommune har forståing for ynskje frå Kvam herad og Hardanger-regionen i høve til ein Kvamskogtunnel, og at ein no vil kopla realiseringa av tunnelen til krav om kabel i sjø/jord i staden for at det vert bygd ei 420 kv-luftline Sima – Samnanger.

Samnanger kommune sine vurderingar i høve til Kvamskogtunnelen er likevel at samfunnsnyttan av eit så stort prosjekt berre vert mogleg å vurdere i eit overordna og regionalt perspektiv. Det er svært mange diskusjonar og utgreingar på gang for vegløyseringar i område sør og vest for Samnanger kommune. Samfunnsøkonomisk er det utenkjeleg at alle trasèane kan byggjast. Det bør soleis koma ei avklaring på regionalt nivå – fylkeskommunen – av kva prosjekt det skal satsast på.

Det knyter seg og stor uvisse til kva som vert endeleg tilråding og vedtak når det gjeld kraftoverføring Sima – Samnanger.

Før desse avklaringane er på plass, finn Samnanger kommune det vanskeleg å arbeida aktivt for Kvamskogtunnelen.

Avlasting av Eikedalen må sjåast opp mot etablering av tunnelpåslag i eit trongt dalføre med verna vassdrag.

Samnanger kommune har sjølv eit viktig vegprosjekt som no må på plass snarast råd – tunnel bak Ytre Tysse på Rv 48. Kommunen har arbeidd i mange år med dette prosjektet. Godkjend reguleringsplan kom endeleg på plass i 2001, og tiltaket er no kome inn i siste rulleringa i NTP. Me vil stå hardt på for at ikkje andre prosjekt skal pressa seg inn framføre dette prosjektet. Auka standard på tilførsleveggar lenger sør og vest viser att i auka trafikk og trafikk-kaos på Rv 48 gjennom Ytre Tysse, særleg i helgane.

Samnanger kommune er i gang med rullering av skriftdelen av kommuneplanen. I dette arbeidet er infrastruktur og samferdsle viktig. Med dei interne debattane og prosessane me er inne i, vert det utfordrande å dra konklusjonar om ein Kvamskogtunnel så fort som det vert bede om.

*Med bakgrunn i ovannemnde moment ynskjer ikkje Samnanger kommune å gå inn som part og arbeida aktivt for ein Kvamskogtunnel. Samnanger kommune ynskjer å fylgja med i prosjektet og vert representert med ein person frå administrasjonen i arbeidsgruppa.*

### **Handsaming i møte:**

**Bright Olav Gåsdal** sette fram følgjande tilleggsframlegg;” Dersom bompengordninga i Kvammapakken likevel skulle bli realisert, er det Samnanger kommune sitt absolutte krav at innkrevjing av bompengar skjer der hovudinvesteringa skal koma, nemleg på strekkja Norheimsund-Øystese.”

I prøverøystinga over Gåsdal sitt tilleggsframlegg røysta alle for. Kommunestyret røysta deretter samla over tilrådinga med tillegget frå Gåsdal. Dette vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

”Kvammapakken”

Etter førespurnad frå styret i Kvam bompengeselskap a.s. har Samnanger kommune handsama ”Kvammapakken” på nytt slik den no ligg føre.

*Samnanger kommune rår framleis frå realisering av bompengordninga i ”Kvammapakken”. Dersom bompengordninga i Kvammapakken likevel skulle bli realisert, er det Samnanger kommune sitt absolutte krav at innkrevjing av bompengar skjer der hovudinvesteringa skal koma, nemleg på strekkja Norheimsund-Øystese.*

#### Kvamskogtunnelen

Samnanger kommune har og drøfta invitasjonen om deltaking i arbeidet med å greia ut Kvamskogtunnelen. Det er vurdert om ein ”i denne omgang skal gje prinsipiell tilslutning til å ta del i planarbeidet, samt at Samnanger kommune oppnemner representant(ar) til prosjektorganisasjonen som skal greia ut Kvamskogtunnelen”. (Jf. skriv av 11.01-06).

Samnanger kommune har forståing for ynskje frå Kvam herad og Hardanger-regionen i høve til ein Kvamskogtunnel, og at ein no vil kopla realiseringa av tunnelen til krav om kabel i sjø/jord i staden for at det vert bygd ei 420 kv-luftline Sima – Samnanger.

Samnanger kommune sine vurderingar i høve til Kvamskogtunnelen er likevel at samfunnsnyttan av eit så stort prosjekt berre vert mogleg å vurdere i eit overordna og regionalt perspektiv. Det er svært mange diskusjonar og utgreiingar på gang for vegløyseringar i område sør og vest for Samnanger kommune. Samfunnsøkonomisk er det utenkjeleg at alle trasèane kan byggjast. Det bør soleis koma ei avklaring på regionalt nivå – fylkeskommunen – av kva prosjekt det skal satsast på.

Det knyter seg og stor uvisse til kva som vert endeleg tilråding og vedtak når det gjeld kraftoverføring Sima – Samnanger.

Før desse avklaringane er på plass, finn Samnanger kommune det vanskeleg å arbeida aktivt for Kvamskogtunnelen.



Avlasting av Eikedalen må sjåast opp mot etablering av tunnelpåslag i eit trangt dalføre med verna vassdrag.

Samnanger kommune har sjølv eit viktig vegprosjekt som no må på plass snarast råd – tunnel bak Ytre Tysse på Rv 48. Kommunen har arbeidd i mange år med dette prosjektet. Godkjend reguleringsplan kom endeleg på plass i 2001, og tiltaket er no kome inn i siste rulleringa i NTP. Me vil stå hardt på for at ikkje andre prosjekt skal pressa seg inn framføre dette prosjektet. Auka standard på tilførsleveggar lenger sør og vest viser att i auka trafikk og trafikk-kaos på Rv 48 gjennom Ytre Tysse, særleg i helgane.

Samnanger kommune er i gang med rullering av skriftdelen av kommuneplanen. I dette arbeidet er infrastruktur og samferdsle viktig. Med dei interne debattane og prosessane me er inne i, vert det utfordrande å dra konklusjonar om ein Kvamskogtunnel så fort som det vert bede om.

*Med bakgrunn i ovannemnde moment ynskjer ikkje Samnanger kommune å gå inn som part og arbeida aktivt for ein Kvamskogtunnel. Samnanger kommune ynskjer å fylgja med i prosjektet og vert representert med ein person frå administrasjonen i arbeidsgruppa.*

0002/06

## **VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING**

### **Framlegg til vedtak::**

Stølen vel v/ Trond Haugens framlegg vedr. namnet "Stølen" vert imøtekomen. Jfr. pkt 21 i oversikt over merknader til vegnamn og handsaming av dette i vegnamnutvalet.

Refererer til punkt 2 i framlegg til namn på vegar i Samnanger kommune. Veg nr. 2 mellom Nesodden og Tysse bru får namnet Hagavegen.

Veg frå Straumen bru til Fusa grense (Riksveg 48 ) får namnet Tyssevegen.

OO har følgjande merknader til Statens namnekonsulentar sine tilrådde skrivemåtar for vegnamna i Samnanger. Jfr. skriv dat. 26.01.06.

Til nr. 50.

OO er ikkje samd i at vegen til Høysæter skal heita Høysetevegen, OO kan ikkje sjå skilnader i for eksempel Høysætervegen og Hardangervegen når det gjeld at avleidde namn av gardsnamn skal skrivast utan r.

Til nr. 52.

OO meiner at eit delt særnamn som Fossen Bratte ikkje skal ha liten bokstav i andre del av namnet. Anten må namnet vera Fossen Bratte eller Fossenbratte.

### **Handsaming i møte:**

Magda Haugen bad om å få vera ugild i saka fordi ho er sakshandsamar på saka. Ho vart samrøystes funnen ugild, og Vidar Rolland kom inn i staden for Haugen.

**Øyvind Røen** som saman med Nils Gåsdal og Ivar Bård Aadland utgjer vegnamnutvalet gav ei orientering om arbeidet til utvalet og gjekk igjennom føresetnadane som kommunestyret har gitt for namnsetjinga. Han gav og ein del kommentarar til ein del av dei innkomne merknadane og til dei endringane OO har foreslått i høve til utvalet sitt framlegg. Han forklarte også kvifor utvalet i einskilde høve har fråveke vedteken føresegn.

I drøftingane i kommunestyret signaliserte **Helge Reistad** at han ville sette fram framlegg om at merknadane frå oppsitjarar til 7 vegar som ikkje hadde fått eige namn med grunngjeving i forskrifta § 3 2. ledd om for få adresseininga/for kort veg vart imøtekomne.

**Samnanger Frp v. Jon Magen Bøgevik** sette fram følgjande endringsframlegg:

Veg frå kraftstasjonen Totland mot Tysseland og tilbake mot Kvitingsvegen v. O Gåsdal får namnet Totlandsvegen.

Vegen frå kryss Totlandsvegen mot Tysseland får namnet Tysselandsvegen.

Dette framlegget vart trekt i møte etter at Brigit Olav Gåsdal leverte sitt framlegg.

**Nils Gåsdal** sette fram slikt framlegg: Vegnamnutvalet sitt framlegg vert vedteke slik det ligg føre.

**Brigt Olav Gåsdal** sette fram slikt framlegg:

Vegen frå Kvitingsvegen mot Tysseland og Totland skal heita Totlandsvegen frå kryss ved Kvitingsvegen om "Messa" og til kryss mot Kvitingsvegen oppom bustaden til Svein J Gjerde. Tysselandsvegen startar ved krysset i Totlandsvegen nedom "Messa" og går til inste tunet på Tysseland.

**Samnanger Frp** sette fram slikt framlegg:

Veg frå kryss Solbjørgsvegen til gardstun Nymark vert kalla Nymarksvegen.

I møtet var det og drøftingar om fleire andre vegnamn, og då særleg namnet på vegen frå Nesodden til Tysse.

På bakgrunn av at det kom inn så mange endringsframlegg der fleire av dei var i strid med vedteken føresegn, sette Øyvind Røen fram framlegg om at saka skulle utsetjast. Kommunestyret vedtok samrøystes å utsetja saka.

### **Vedtak:**

Saka vert utsett.

0003/06

**MODELLER FOR SAMARBEID PÅ SKULESEKTOREN****Handsaming i møte:**

Administrasjonssjefen orienterte om dei samtalane/orienteringane som er gjennomført. Det har vore halde møte med dei to rektorane, med Utdanningsforbundet og Fagforbundet, med personale på dei to skulane og det var eit felles møte med foreldreutvala på dei to skulane. Tilbakemeldinga frå alle instansane/miljø er at dei ønskjer å halda fram som no.

Skriv frå Utdanningsforbundet vart delt ut.

**Samnanger Frp. v. Jon Magne Bøgevik** sette fram slikt framlegg:

Rektorstillinga for Nordbygda vert lyst ut for tilsetjing snarast.

**Magda Haugen** sette fram slikt framlegg:

- ❑ Utlysing av stilling som rektor ved Nordbygda skule vert stilt i bero.
- ❑ Administrasjonen greier ut kva alternativ som finst for å ha ei felles administrativ og fagleg leing av dei to barneskulane våre. I denne prosessen inngår også drøftingar med Utdanningsforbundet og Fagforbundet og med FAU ved dei ulike skulane.
- ❑ Administrasjonen legg fram saka for politisk handsaming så snart det let seg gjera.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 12 røysta for framlegget frå Bøgevik og 8 for framlegget frå Haugen.

**Vedtak:**

Rektorstillinga for Nordbygda vert lyst ut for tilsetjing snarast.

0004/06

**PERMISJON FRÅ KOMMUNALE VERV. MAGDA HAUGEN****Handsaming i møte:**

Magda Haugen var ugild ved handsaminga av saka, Vidar R Rolland tok del i saksførehavinga.

**Bygdalista v. Idar Reistad** sette fram slikt framlegg

Magda Haugen får permisjon frå sine politiske verv i Samnanger kommune i det tidsrommet ho er tilsett som konsulent i administrasjonssjefen sin stab.

Følgjande personar overtek hennar rolle i dei ulike utvala i den perioden ho får permisjon:

- ❑ **Vidar R Rolland** går inn som fast medlem i kommunestyret. **Nils Arne Teige** vert 1. varamann og **Bjarne Våge** 2. varamann til kommunestyret.
- ❑ **Vidar R Rolland** går inn som fast medlem i utval for oppvekst og omsorg. 1. varamann vert **Eva Hellevang** frå Høgre. Nestleiar i utvalet vert **Audhild Olsnes** frå Senterpartiet.
- ❑ **Olaug Øystese** frå Ap går inn som 1. varamann i Personal- og økonomiutvalet. Varamannslista vert elles følgt med opprykk.
- ❑ **Helge Reistad** overtek som fast medlem i Eldrerådet. 1. varamann vert **Arne Jørgensen** frå Sp.

**Magda Haugen** står framleis i vervet som fast medlem i BIR klagenemnd.

**Samnanger Frp v. Jon Magne Bogevik** sette fram slikt framlegg:

Som Bygdalista sitt framlegg med unnatak av siste punkt som vert endra til :  
Magda Haugen får permisjon frå BIR, varamedlem Nils Gåsdaal trer inn.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 11 røysta for framlegget frå Reistad og 9 for framlegget frå Bogevik.

#### **Vedtak:**

Magda Haugen får permisjon frå sine politiske verv i Samnanger kommune i det tidsrommet ho er tilsett som konsulent i administrasjonssjefen sin stab.

Følgjande personar overtek hennar rolle i dei ulike utvala i den perioden ho får permisjon:

- **Vidar R Rolland** går inn som fast medlem i kommunestyret. **Nils Arne Teige** vert 1. varamann og **Bjarne Våge** 2. varamann til kommunestyret.
- **Vidar R Rolland** går inn som fast medlem i utval for oppvekst og omsorg. 1. varamann vert **Eva Hellevang** frå Høgre. Nestleiar i utvalet vert **Audhild Olsnes** frå Senterpartiet.
- **Olaug Øystese** frå Ap går inn som 1. varamann i Personal- og økonomiutvalet. Varamannslista vert elles følgt med opprykk.
- **Helge Reistad** overtek som fast medlem i Eldrerådet. 1. varamann vert **Arne Jørgensen** frå Sp.

**Magda Haugen** står framleis i vervet som fast medlem i BIR klagenemnd.

0005/06

#### **PERMISJON FRÅ KOMMUNALE VERV - MARION LANGHELLE PEDERSEN.**

#### **Handsaming i møte:**

**Jon Magne Bogevik** sette fram slikt framlegg:

Marion Langhelle Pedersen får i henhold til søknad datert 21/1-06 permisjon frå komunale verv. **Rolf Inge Nordbø** rykker opp som første vararepresentant til kommunestyret.

**Sigmund Dyrhovden** vert fast medlem i utval for natur og **Hjørdis Tysse** vert første varamedlem.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Marion Langhelle Pedersen får i henhold til søknad datert 21/1-06 permisjon frå komunale verv.

**Rolf Inge Nordbø** rykker opp som første vararepresentant til kommunestyret.

**Sigmund Dyrhovden** vert fast medlem i utval for natur og **Hjørdis Tysse** vert første varamedlem.